



Kontakt oss

Kulturkalender

Nettkatalog

Skipstrafikken

Nettkamera

Veret

AKTUELT

Kultur
Maritimt nytt
Meiningar
Nyhende
Politikk
Reportasjer
Sport
Annonsetorget

Finn artikkel:

SØK

TENESTER

Fotoarkiv
Kulturkalender
Lenker
Nettkamera
Om Herøynytt
Skipstrafikken
Veret

MARITIMT

Fiskeslagslag
Nyhende
Skipliste
Skipstrafikk

HERØYNYTT

Annonsering
Kontakt oss
Ledig stilling
Om Herøynytt
Opphavsrett
Tips oss

MEININGSMÅLING

Er du nøgd med den nye Solberg-regjeringa?

- Velt ikkje
 Bryr meg ikkje
 Ja
 Nei

Stem

Svar til no: 667

Bryr meg ikkje: 2.25%

Ja: 45.58%

Nei: 45.58%

Velt ikkje: 6.60%

Pengar bør få fiskarane til å levere kvalitet

Del fleste fiskekjøparar på Sunnmøre premierer fiskarar som leverer høg kvalitet. Men ikkje alltid.

Per Ove Stige, torsdag 14. november 2013



Fiskekjøpar Gjermund Bringsvor, Sandefisk. Foto: Svein Aam

Møre og Romsdal Fiskarlag kom denne veka med ein dvd som skal vise fiskarar korrekt fangsbehandling. DVD-en vart onsdag presentert på landsmøtet til Norges Fiskarlag i Trondheim. Filmen skal vere ei påminning om å ta seg tid til rett kvalitetsbehandling, fordi det løner seg. Les også: [Vil skjerpe kvaliteten på fisken](#)

Også fleire fiskekjøparar premierer fisk med høg kvalitet.

– Vi er veldig bevisst på høg kvalitet, også når vi kjøper inn fisken. Og det gjer også dei fleste fiskekjøparar her på Sunnmøre, seier Gjermund Bringsvor i Sandefisk på Sandshamn.

Han påstår at kvaliteten på levert fisk er høgare her i sør enn den kan vere i Nord-Norge.

Rykte

– Vi tenker høg kvalitet også når vi kjøper inn. Og vi har opparbeidd oss eit godt renommé. Vi veit at vi får selje. Og vi veit at vi er føretrekt i marknaden. Å produsere kvalitet kostar ikkje så mykje, berre litt hardt arbeid, smiler han.

– På kva måte premierer Sandefisk kvalitet overfor fiskarane, slik at dei får kanskje ei krone eller to eller tre meir for høgkvalitet?

– Dette gjer vi ved å differensiere prisen på innkjøp. Men vi har jamnt over veldig høg kvalitet på det meste som kjem inn her, så ein vil nok ikkje sjå dei heilt store variasjonane, seier Bringsvor.

Bringsvor samanliknar med bilmarknaden. Ikkje alle vurderer kvalitet likt. Dermed kan det vere muleg å få selt også om fisken ikkje har topp kvalitet etter norsk målestokk.

– Men uansett, kvalitet etter norsk målestokk løner seg i det lange løp, seier Gjermund Bringsvor.

Artikkelen held fram under bildet

ANNONSER



Jon Grimstad i Sunnmøre og Romsdal Fiskesatslag. Arkivfoto: Svein Aam

Ikkje alltid

Salsjef Jon Grimstad i Sunnmøre og Romsdal Fiskesatslag (Surofi) vil ikkje seie at fiskekjøparar på Sunnmøre alltid premierar dei som leverer høg kvalitet.

– Spesielt ikkje i sesongen, då er det volum som gjeld. Men utanom sesongen er det jamt over litt betre pris for dei som leverer svært høg kvalitet samanlikna med dei som leverer bra kvalitet, seier Grimstad.

Han seier det ikkje er tvil om at nokre fartøy har godt renommé, slik at det er fleire kjøparar som er interessert.

– Alle kan bli både betre og dårlegare. Vi vil gjere dei flinke fiskarane enno flinkare, og dei mindre erfame vil vi gje ei bratt læringskurve, seier Grimstad. – Og for dei som leverer ekstra god kvalitet, om dei leverer 1000 tonn frosenfisk og får 50 øre ekstra for kiloen, så er det ein halv million kroner. Over tid vil gevinsten vere betydeleg for den enkelte fiskar.

– Og dette vil gje gevinst ikkje berre for fiskarane men for heile næringa, seier Grimstad.

Tips ein bekjent om denne saka:

Til: Frå:

« Tilbake

Find us on Facebook



Herøynytt

Lik dette

2252 people like Herøynytt



Facebook sosialt programtillegg



Herøynytt er ei uavhengig nettavis for Herøy.
Konstituert **redaktør** er Anne Gry Eilertsen.

Utgjevarsskap: Herøynytt AS
Postadresse: Postboks 187, 6099 Fosnavåg